

Reguleringsføresegner for detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo, Planid. 34330001.

Vedteke av kommunestyret 22.06.2022 – sak 35/2022, med revisjon ved bekkeinntak Fjuken vedteke i Skjåk kommunestyre 30.03.2023 – sak 25/2023.

1 FELLES FØRESEGNER.

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til gjeldande plan- og bygningslov og gjeld innafor området som er vist med plangrense på reguleringsplankartet.

Det er ikkje tillate med etablering av private særrettar som er i strid med desse føresegnene.

1.1 Dimensjonering i forhold til flaum.

Flaumsikringsanlegg, stikkrenner, kulvertar og bruer innafor planområdet sørvest og sør for RV15, skal dimensjonerast for 200-års flaum + klimapåslag (minimum 20 %).

Flaumsikringsanlegg, kulvertar, stikkrenner og bruer innafor planområdet nordaust for RV15 (nord for Skeisvegen/Skjåkheimen), skal dimensjonerast for 1000-års flaum + klimapåslag (minimum 40 %).

1.2 Tilgjengelegheit for alle.

Nyanlegg av gang og sykkelveg, gangveg og turveg som er føreslege i planen, skal så langt som råd utformast med tilgjengelegheit for alle. Det same gjeld utforming av leikeplassar og friområde.

1.3 Forhold knytt til støy.

Grenseverdiar i retningslinje T-1442 (retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging) skal leggst til grunn for både anleggsfasen og driftsfasen. Støynivåa innandørs skal tilfredsstillende krava i Byggteknisk forskrift (TEK).

1.4 Byggegrenser.

Byggegrenser er avlagt på plankartet mot offentlig veg, mot vassdrag, mot nabogrenser m.m. Nye bygg skal plasserast innafor byggegrensene som er vist på plankartet.

1.5 Automatisk freda kulturminne.

Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter, jf. Lov om kulturminne §8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i fylkeskommunen, slik at verneestyresmaktene kan gjennomføre ei synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkåra for dette.

2 REGULERINGSFØREMÅL OG OMSYNSSONER

Planområdet regulerast til følgjande føremål:

Bygnad og anlegg (pbl. § 12-5 punkt 1)

- 1400: Andre typar bygg og anlegg – Flaumsikringsanlegg (BFS)
- 1111: Bustadbygnad – Frittliggjande småhus (BBF)

- 1340: Industri (BI)
- 1173: Campingplass (BC)
- 1174: Leirplass (BLP)
- 1541: Vassforsyningsanlegg (BV)
- 1560: Andre kommunaltekniske anlegg: Pumpestasjonar (BAK)
- 1802: Kombinert formål – Bustad/forretning/kontor (BBFK)
- 1814: Kombinert formål – Forretning/tenesteyting (BFT)
- 1826: Kombinert formål – Industri/lager (BIL)
- 1812: Kombinert formål – Forretning/industri (BFI)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5, punkt 2)

- 2011: Køyreveg (SKV)
- 2019: Anna veggrunn – grøntareal (SAG)
- 2015: Gang-/sykkelveg (SGS)
- 2800: Kombinert formål – Gang- og sykkelveg og flaumsikringsanlegg (K-SGS-BFS)
- 2110: Energinett (EN)
- 2143: Overvassnett (SOV)

Grønstruktur (pbl. § 12-5, punkt 3)

- 3060: Vegetasjonsskjerm (GVS)
- 3020: Naturområde (GN)
- 3040: Friområde (GF)
- 3031: Turveg (GTV)
- 3900: Kombinert formål – Turveg og flaumsikringsanlegg (K-GTV-BFS)

Landbruks-, natur og friluftsområde (pbl. § 12-5, punkt 5)

- 5110: Landbruksformål (LL)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl. § 12-5, punkt 6)

- 6001: Bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)

Omsynssoner (pbl. § 12-6)

- Faresone ras og skred (H310)
- Faresone flaum (H320)
- Faresone høgspenningsanlegg (H370)
- Sikringsone for vassforsyning (H120)

Føresegningsområder (pbl. § 12-7)

- Midlertidig anleggsbelte (MA)
- Midlertidig riggområde (MR)

3 BYGNAD OG ANLEGG

3.1 Andre typar bygg og anlegg: Flaumsikringsanlegg (BFS)

Områda er regulert som byggeområde for flaumvollar, flaumsikringsmurar, drengroft og andre tekniske installasjonar for flaumførebygging langs Ottaelva ved Bismo.

Anlegga byggast etter tiltaksplan utarbeida av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Det kan gjennomførast vedlikehald og reparasjonar av flaumsikringa. Andre byggetiltak er ikkje tillate. Flaumsikringa skal ikkje nyttast som lagringsplass.

Det skal til ein kvar tid være mogeleg å kome fram for reparasjon og vedlikehald av flaumsikringa, og flaumverket skal derfor vere fri for høgare vegetasjon. Trær med rotdiameter over 8-10 cm bør fjernes for å unngå at større røter skader flaumverket. Det er viktig å ta vare på vegetasjonen elles, mellom anna for å hindre erosjon. Det er grunneigar som har ansvar for å utføre nødvendig skjøtsel på flaumverket. Kommunen har tilsynsansvaret for flaumverk etter at anlegget er ferdigstillt.

3.2 Bustadbygnad – frittliggjande småhus (BBF).

Areal regulert for bustadbygging, omfattar bustadeigedomen GID 127/38 og elles mindre areal av bustadeigedomar som ligg inntil anlegga for flaumsikringsanlegg som er regulert i planen.

Innafor arealet kan det oppførast frittliggjande bustadhus, uthus, garasje og andre mindre bygningar knytt til hovudføremålet. Ein gjer merksam på byggegrenser mot sikringsanlegga, jf. pkt. 1.2. Byggegrenser er vist på plankartet.

I samband med byggesøknader, skal det leggest fram situasjonsplan som viser korleis bygg og andre anlegg blir plassert på tomte og i terrenget. Det skal også vere ein plan for parkering og grøntareal.

For GID 127/38 gjeld tilsvarende reglar som dagens reguleringsplan for Skei, planid. 05130020. Bustader kan byggast i inntil to etasjar og uthus i inntil ein etasje. Bygningane skal ha saltak med vinkel mellom 15° og 45°. Utvendige fargar skal godkjennast av faste utval for plansaker. Mønehøgda for 2 etasjes hus skal ikkje overstige 8,5 meter. Hus som skal oppførast må i størst mogleg grad vera tilpassa tomte utan å gjera store endringar i landskapet. Høge grunnmurar som vil verke skjemma vil ikkje bli godkjent. Grad av utnytting: %-BYA = 30 %. Garasjar skal plasserast slik at det i avkøyrsla frå veg er plass til minst ein personbil av vanleg lengde.

3.3 Industri (BI)

Innafor areal regulert for industri kan det oppførast industribygnad og anlegg knytt til hovudføremålet. Ein gjer merksam på byggegrenser mot sikringsanlegga, jf. pkt. 1.2. Byggegrenser er vist på plankartet.

3.4 Campingplass (BC)

Areal regulert for camping omfattar mindre areal av campingplassen som ligg inntil anlegga for flaumsikringsanlegg som er regulert i planen.

Innafor arealet kan det drivast campingplass og oppførast bygnad og anlegg knytt til hovudføremålet. Ein gjer merksam på byggegrenser mot sikringsanlegga, jf. pkt. 1.2. Byggegrenser er vist på plankartet.

3.5 Leirplass (BLP)

Areal regulert for leirplass omfattar areal utfor flaumvollen på areal til Bismo camping som kan nyttast til leirplass og utgangspunkt for vassport og andre friluftaktivitetar. Områda er flaumutsett, men det kan tillatast mindre tiltak som fremjar friluftsliv, leik og opphald, som anlegg av raste-/sitjeplassar, gapahukar, lavvoar og liknande.

3.6 Vassforsyningsanlegg (BV)

Areal regulert for vassforsyning omfattar Bismo vassverk med grunnvassbrønner.

Innafor arealet kan det oppførast bygnad og anlegg knytt til vassforsyning.

For å sikre vassforsyninga mot forureining er det på plankartet avlagt sikringssoner. Det er knytt føresegner til sikringssonene, jf. kap. ????

3.7 Andre kommunaltekniske anlegg: Pumpestasjonar (BAK)

Areal regulert avlaupsanlegg omfattar pumpestasjonar som ligg inntil anlegga for flaumsikringsanlegg som er regulert i planen.

Innafor arealet kan det oppførast bygnad og anlegg knytt til hovudføremålet. Ein gjer merksam på byggegrenser mot sikringsanlegga, jf. pkt. 1.2. Byggegrenser er vist på plankartet.

3.8 Kombinert formål – Bustad/forretning/kontor (BBFK)

Arealet omfattar ubygd areal ved Signegarden, GID 126/4.

Innafor arealet kan det oppførast bygnad for bustad/forretning/kontor, uthus, garasje og andre mindre bygningar knytt til hovudføremålet. Ein gjer merksam på byggegrenser mot sikringsanlegga, jf. pkt. 1.2. Byggegrenser er vist på plankartet.

I samband med byggesøknader, skal det leggest fram situasjonsplan som viser korleis bygg og andre anlegg blir plassert på tomte og i terrenget. Det skal også vere ein plan for parkering og grøntareal.

3.9 Kombinert formål – Forretning/tenesteyting (BFT)

Arealet omfattar mindre areal for formålet som ligg inntil anlegga for flaumsikringsanlegg som er regulert i planen.

Innafor arealet kan det oppførast bygnad for forretning/tenesteyting, uthus, garasje og andre mindre bygningar knytt til hovudføremålet. Ein gjer merksam på byggegrenser mot sikringsanlegga, jf. pkt. 1.2. Byggegrenser er vist på plankartet.

I samband med byggesøknader, skal det leggest fram situasjonsplan som viser korleis bygg og andre anlegg blir plassert på tomte og i terrenget. Det skal også vere ein plan for parkering og grøntareal.

3.10 Kombinert formål – Industri/lager (BIL)

Areal regulert for industri/lager omfattar mindre areal av eigedomar som ligg inntil anlegga for flaumsikringsanlegg som er regulert i planen.

Innafor arealet kan det oppførast industribygnad, lagerbygnad og anlegg knytt til hovudføremålet. Ein gjer merksam på byggegrenser mot sikringsanlegga, jf. pkt. 1.2. Byggegrenser er vist på plankartet.

3.11 Kombinert formål – Forretning/industri (BFI)

Innafor areal regulert for forretning/industri kan det oppførast næringsbygnad og anlegg knytt til hovudføremålet. Ein gjer merksam på byggegrenser mot sikringsanlegga, jf. pkt. 1.2. Byggegrenser er vist på plankartet.

4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Køyreveg (SKV)

Areala omfattar ein strekning av Riksveg 15 og areal av kommunale og private vegar.

Areala er regulert og nyttast til køyreveg.

Vegbreidda for riksvegen er sett til 7.5 m.

Kryss og avkøyrslar frå riksveg må utformast og haldast ved like i samsvar med vegnormalar for Statens vegvesen.

4.2 Anna veggrunn – grøntareal (SAG).

Areala omfattar areal til grøft, vegskjering, vegfylling og andre tekniske anlegg langs veg og gang- og sykkelveg. Arealet kan såast til og plantast til så langt det ikkje er til hinder for frisisone og siktforhold langs veg.

Anlegget må utformast og haldast ved like i samsvar med vegnormalar for Statens vegvesen.

4.3 Gang- og sykkelveg (SGS)

Areala omfattar strekningar av eksisterande gang- og sykkelveg langs Riksveg 15.

Breidda for gang- og sykkelvegen er sett til 3 m. Anlegget må utformast og haldast ved like i samsvar med vegnormalar for Statens vegvesen.

4.4 Kombinert formål – Gang- og sykkelveg og flaumsikringsanlegg (K-SGS-BFS).

Areala omfattar ein strekning gang- og sykkelveg langs Riksveg 15 som vert anlagt oppe på flaumsikringsanlegget, og som vert høgda i forhold til tidlegare regulerte gang- og sykkelveganlegg.

Gang- og sykkelveganlegget byggast om i samsvar med tiltaksplan utarbeida av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Breidda for gang- og sykkelvegen er sett til 3 m. Anlegget må utformast og haldast ved like i samsvar med vegnormalar for Statens vegvesen.

4.5 Overvassnett (SOV).

Areala omfattar anlegg for inntak og bortleiing av vatn frå Fjukenbekken.

Anlegget byggast i samsvar med tiltaksplan utarbeida av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Det kan gjennomførast vedlikehald og reparasjonar av overvassanlegget. Andre byggetiltak er ikkje tillate. Det regulerte arealet skal ikkje nyttast som lagringsplass.

Det skal til ein kvar tid være mogeleg å kome fram for reparasjon og vedlikehald av overvassanlegget, og for å fjerne masser som sedimenterer før inntaket. Det regulerte arealet skal derfor vere fri for høgare trevegetasjon som hindrar tilkomst til anlegget. Trær med rot diameter over 8-10 cm bør fjernes for å unngå at større røtter skader overvassanlegget. Det er viktig å ta vare på vegetasjonen elles, mellom anna for å hindre

erosjon. Det er grunneigar som har ansvar for å utføre nødvendig skjøtsel. Kommunen har tilsynsansvaret for flaumverk etter at anlegget er ferdigstilla.

5 GRØNSTRUKTUR

5.1 Vegetasjonsskjerm (GVS)

Arealet omfattar ei 6 m brei skogkledd vegetasjonssone langs Ottaelva. På arealet skal trær og anna vegetasjonen takast vare på med omsyn ivaretaking av biologisk mangfald og med omsyn til flaumsikring. Forsiktig tynning kan tillatast.

Ved ei flaumhending og ved større sikringsarbeid kan areala bli nytta som midlertidig anleggsområde. Areala tilbakeførast vegetasjonsskjerm og areala bli klargjort for ny etablering av vegetasjonsskjerm der trær evt. har vorte fjerna. Der det er naudsynt kan ny trevegetasjon etablerast ved planting.

5.2 Naturområde (GN)

Arealet omfattar øyane i Ottaelva og eit areal aust for Blåbærmyra på grunn til Bismo camping. På arealet skal vegetasjonen takast vare på med omsyn ivaretaking av biologisk mangfald.

5.3 Friområde (GF)

Arealet ligg i tilknytning til flaumvoll/sikringsanlegg mot flaum og turveg som er anlagt på langs denne. På arealet tillatast mindre tiltak som fremjar friluftsliv, leik og opphald, som enkel belysning, anlegg av leikeplassar, anlegg av enkle leikeapparat, raste-/sitjeplassar og liknande.

Mellom det regulerte friområdet og Ottaelva, er det sikringsanlegg mot flaum i form av flaumvoll og elveforbygging med steinplastring m.m. Over det regulerte friområdet skal det derfor til ei kvar tid vere tilgang til desse sikringsanlegga for maskinar både i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending. Det tillatast vedlikehald og evt. nødvendig forsterking av sikringsanlegga også innafør friområdet, samt skjøtsel og tynning av vegetasjon og liknande. Ved ei flaumhending og ved større sikringsarbeid kan friområdet bli nytta som midlertidig anleggsområde. Areala tilbakeførast til bruk som friområde og stellast til etter at anleggstiltaka er gjennomført.

5.4 Turveg (GTV)

Arealet ligg i det regulerte friområdet og kan opparbeidast som turveger mellom turvegane som er bygd oppe på sikringsanlegga (flaumvollane).

Ved ei flaumhending og ved større sikringsarbeid kan turvegane bli nytta som midlertidig anleggsområde. Areala tilbakeførast og turvegen stellast til etter at anleggstiltaka er gjennomført.

5.5 Grønstruktur (GG)

Arealet ligg i tilknytning til dei regulerte turvegane (GTV). Arealet omfattar areal til fylling, skjering, fylling, grøft og evt. andre naudsynte tekniske anlegg langs turvegane. Arealet kan såast til og plantast til.

5.6 Kombinert formål – Turveg og flaumsikringsanlegg (K-GTV-BFS)

Arealet omfattar turvegane som er bygd oppe på sikringsanlegga (flaumvollane).

På den regulerte turvegen skal det til ei kvar tid vere tilgang til sikringsanlegga for maskinar både i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending. Det tillatast vedlikehald og evt. nødvendig forsterking av sikringsanlegga også på arealet som er regulert med kombinert formål. Turvegen på krona av flaumverket skal vere fri for høgare vegetasjon. Trær med rot diameter over 8-10 cm bør fjernes for å unngå at større røter skader flaumverket. Det er grunneigar som har ansvar for å utføre nødvendig skjøtsel på flaumverket og turvegen oppe på denne. Kommunen har tilsynsansvaret for flaumverk etter at anlegget er ferdigstilla.

Ved ei flaumhending og ved større sikringsarbeid kan det kombinerte arealet bli nytta som midlertidig anleggsområde. Areala tilbakeførast og turvegen stellast til etter at anleggstiltaka er gjennomført.

6 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE

6.1 Landbruksområde (LL)

Landbruksområda omfattar jorde/landbruksareal til Skei og dyrkajord på areal som ligg på grunn til Bismo camping. På areala kan det drivast landbruk. På areala er det forbode med nye tiltak som nemnt i § 20-1 bokstav a, d, k, l og m, som ikkje har tilknytning til landbruk.

På tilgrensande areal til LL01 langs Skeisvegen og bustadområdet Skei, er det regulert for anlegg av sikringsanlegg for bortleiing av vatn frå Fjukenbekken for å førebyggje flaumskadar. På tilgrensande areal til LL02 og LL03 er det regulert for sikringsanlegg i form av flaumvoll. Over dei regulerte landbruksareala skal det derfor til ei kvar tid vere tilgang til desse sikringsanlegga for maskinar både i samband med inspeksjon, reparasjon og hastetiltak ved ei flaumhending. Det tillatast vedlikehald og evt. nødvendig forsterking av sikringsanlegga også på arealet som er regulert som landbruk. Ved ei flaumhending og ved større sikringsarbeid kan landbruksarealet bli nytta som midlertidig anleggsområde. Areala tilbakeførast til bruk som landbruksområde og stellast til etter at anleggstiltaka er gjennomført.

7 BRUK OG VERN AV VASSDRAG MED TILHØRENDE STRANDSONE

7.1 Friluftsområde i sjø og vassdrag (V)

Arealet skal forvaltast på ein måte som tek vare på vassmiljø og strandsone og vassdragets funksjon for friluftsliv. Ei slik forvaltning skal ikkje vere til hinder for at det kan gjerast naudsynte tiltak i vassdraget i samband med flaumsikring og reparasjon etter ei flaumhending.

På areala kan det leggjast til rette for utøving av friluftsliv og fiske.

I vassdraget tillatast vedlikehald av vasstreng og kantsoner som utgraving/fjerning av masser/slam som bygger seg opp, fjerning av drivgods og liknande, forsterking og plastring av elvebotn og elvebreidd, vedlikehald av stikkrenner, kulvertar og bruer, skjøtsel og tynning

av vegetasjon og liknande. Ordinære vedlikeholdstiltak som rører ved vasstrengen skal berre skje i perioden 15. juni til 15. september, men ved akutte flaumhendingar kan naudsynte tiltak også gjerast utanom ovannemnde periode.

Ved ordinære vedlikeholdstiltak som rører ved vasstrengen, skal eventuell sprengstein brukt til plastring vere vaska slik at steinmassen ikkje inneheld steinnåler som skadar fisk og vassfauna.

8 OMSYNSSONER

8.1 Faresone flaum (H320)

H320_1 Flaumsone etter sikring

Delar av planområdet er utsett for flaum også etter sikring, og er regulert med omsynssone «Faresone flaum» – H320_1. Innanfor faresonene for flaum som er vist på plankartet, er det ikkje tillate med bygge- og anleggstiltak. Dersom slike tiltak skal tillatast, skal det dokumenterast god nok sikkerheit i forhold til krav sett i Byggtknisk forskrift (TEK).

H320_2 Flaumsone før sikring

Innanfor faresonene H320_2 for flaum som er vist på plankartet, er det ikkje tillate med bygge- og anleggstiltak før heilskapleg sikring av Bismo er ferdig etablert, eller tiltaket på anna vis kan dokumentera god nok sikkerheit i forhold til krav sett i Byggtknisk forskrift (TEK).

Byggeforbodet i faresonene for flaum gjeld ikkje byggetiltak og reparasjonsarbeider i knytt til flaumsikringsanlegga som skal etablerast for å sikre Bismo mot flaumskadar i samsvar med tiltaksplanen frå NVE.

8.2 Faresone ras og skred (H310)

H310_1 Faresone ras og skred

Delar av planområdet er kartlagt som utsett for ras og skred, og er regulert med omsynssone «Faresone ras og skred» – H310_1. Innanfor faresonene for ras og skred som er vist på plankartet, er det ikkje tillate med bygge- og anleggstiltak. Dersom slike tiltak skal tillatast, skal det dokumenterast god nok sikkerheit i forhold til krav sett i Byggtknisk forskrift (TEK).

Byggeforbodet i faresonene for ras og skred gjeld ikkje byggetiltak og reparasjonsarbeider i knytt til flaumsikringsanlegga som skal etablerast for å sikre Bismo mot flaumskadar i samsvar med tiltaksplanen frå NVE.

Kartlegginga av skredfaresonene skjedde ved faresonekartlegginga som vart gjort i regi av NVE i Skjåk i 2018. Sidan den gong er det bygd ein ny strekning med skredvoll oppfor bustadområdet i Skei, slik at det kan vere at utbreiing av faresonene som råker planområdet kan vere av mindre utstrekning. Det er ikkje gjort nokon ny faresonekartlegging etter at sikringstiltaka vart utført.

8.3 Faresone høgspenningsanlegg (H370)

I faresonene som er vist på plankartet omkring eksisterande høgspent luftlinje og omkring trafo skal det ikkje oppførast bygningar.

8.4 Sikringssoner for vassforsyning (H120)

Sikringszone for grunnvassforsyning for drikkevatt er vist på plankartet som H120-0 til H120-2. I sikringssonene gjeld følgjande føresegn:

Tiltak som vil forureine eller kan representere ein fare for forureining av drikkevasskjeldene og deira nedbørsfelt / tilsigsområde er ikkje lov, jf. § 4 i Forskrift om vassforsyning og drikkevatt (drikkevassforskrifta) av 2016-12-22 nr 1868.

Det skal ikkje bli etablerast nye bygge- eller næringsområde i godkjente drikkevasskjelders nedslagsfelt, med mindre det med konsekvensutgreiing klart kan dokumenterast at aktiviteten ikkje kan medføre økt tilførsel av forureining til vasskjelda. Forslag til nye planer og tiltak skal høyrast hos råka vassverkseigarar og Mattilsynet.

Retningsliner knytt til sikringssoner for grunnvassforsyning:

Det er nytta følgjande soneinndeling for sikringssonene:

Sone 0: Skal vera eit område på mellom 10 – 30 meter frå grunnvasskjeldane. Sona skal vere inngjerda og tilsådd.

Sone 1: Denne sona skal markere kvar grunnvatnet drenerer til brønnane. Grensa markerer ei berekna opphaldstid for grunnvatnet i metta sone på minst 60 døgn i metta sone ved maksimal pumpebelastning.

Sone 2: Er området utanfor 60 døgnsona der grunnvatnet med sikkerheit vil nå brunnen og kan påverke vasskvaliteten.

Restriksjonar i dei ulike sikringssonene:

Sone 0

- Her er all aktivitet som ikkje har noko med vassverket å gjere forbode. Sona skal vera inngjerda.

Sone 1

- Punktutslepp og infiltrasjonsanlegg er ikkje tillate.
- Nye bygg bør berre bli tillate unntaksvis og da med spesielle toalettløsingar som ikkje kan gi forureining i grunn. Det bør vera minst 2 meter umetta sone under leidningsanlegg, såle til bygningen og grunnvassnivå, og grøftene må ha fall ut av sona.
- Lagring av olje, oljeprodukt og andre stoff er ikkje tillate.
- Plassar for deponering av avfall, slam og liknande er ikkje tillate.
- Jordbruksdrift bør vera så liten som mogleg.
- Kunstgjødsel bør avgrensast til optimalt nivå og husdyrgjødsel skal ikkje nyttast.
- Skogbruksdrift kan normalt skje, men drivstofflager og fylling av drivstoff blir ikkje tillate, heller ikkje barking.
- Leirplassar, stemneplassar eller liknande blir normalt ikkje tillate.

Sone 2

- Avgrensingar for bygging
- Infiltrasjon i grunnen er ikkje tillate
- Lagring av olje, oljeprodukt og andre stoff kan tillatast i små mengder. Nedgrave oljetank er forbode.
- Deponiplassar er forbode
- Nye veger, bør ikkje tillatast

- Større campingplassar er forbode
- Forureinande industriverksemd er forbode.
- Anlegg av energibrunnar er forbode.

9 FØRESEGNSSOMRÅDER (pbl. 12-7)

Formåla «Midlertidig anleggsbelte (MA)» og «Midlertidig riggområde (MR)» opphøyrar når kommunen har fått skriftleg melding om at anlegget er stilt ferdig. Kommunen kan deretter gjere vedtak om opphøyr av den midlertidige reguleringa jfr. pbl § 12-7, 1 ledd nr. 10.

9.1 Midlertidig anleggsbelte (MA)

Arealet kan nyttast til anleggsområde og anleggstrafikk under bygge- og anleggsperioden.

Arealet kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget inkl. lagring av masser.

Reine masser kan mellomagrasts utan restriksjonar.

Der anleggsbeltet kryssar avkøyrslar og tilkomstvegar/driftsvegar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at det ikkje hindrar bruken av desse. Området kan stenges av i kortare periodar ved behov og av tryggleiksmessige årsaker.

Der det midlertidige anleggsbeltet ligg innafor sikringssonene for Bismo vassverk, gjeld særskilte restriksjonar, og det visast til reguleringsplankartet og kap. 8.4 over.

9.2 Midlertidig riggområde (MR)

Arealet kan nyttast til verksemd som er nødvendig for gjennomføring av anlegget, her under midlertidige bygningar (brakker) og anlegg, lagring m.m. Innanfor områda tillatast det også lagring og oppfylling av reine massar i samband med anleggsverksemda. Riggområda skal bli sikra på ein forsvarleg måte før dei vert teke i bruk. Det skal bli etablert rutinar som sikrar trygg oppbevaring av forureinande stoffar og kjemikaliar og hindrar avrenning av olje, kjemikaliar og andre forureinande stoffar i grunnen.

Der det midlertidige riggområdet ligg innafor sikringssonene for Bismo vassverk, gjeld særskilte restriksjonar, og det visast til reguleringsplankartet og kap. 8.3 over.

9.3 Behandling av dyrka mark i det midlertidige anleggsområdet.

Der anleggsbeltet kjem inn på dyrka mark på Skeisjordet (GID 127/1), skal ein ved graving av grøftetraseen sørge for at matjorda og andre jordlag sorterast for seg og ikkje blandast. Ved avslutting av anlegget skal ein da legge tilbake massane i rett rekkjefølgje slik at jorda kan dyrkast som før. Dersom ein ved gravinga kjem borti dreneringssystemet for jordet, må drenerør på ein kontrollert måte kappast av og seinare skøytast når grøfta fyllast att. Dersom ein ved graving av røyrtraseen skader eldre steinsatte grøfter som framleis har ein funksjon, må desse reparerast eller erstattast med ny drenering.

Der det skal byggast midlertidig gangveg langs rv.15 som kjem inn på Skeisjordet, skal det anten leggst duk i botn som hindrar at massane som nyttast til det midlertidige gangveganlegget blandar seg med matjorda, eller om ein må fjerne massane under, sørge for at matjorda og andre jordlag sorterast for seg og ikkje blandast. Så snart den eksisterande traseen for gang- og sykkelveg kan takast i bruk att, skal den midlertidige gangvegen og massane som er lagt for å bygge den fjernast. Dersom det ikkje blir avtalt at

bonden sjølv gjer det avsluttande jordarbeidet mot ei økonomisk godtgjering, har utbygger ansvar for dyrking av arealet slik at det står fram som før anleggsarbeidet starta.

Der anlegget og anleggsbeltet kjem inn på parsellar med dyrka mark på Bismo camping (GID 30/1), skal ein like eins som nemnt over, sørgje for at matjorda og andre jordlag sorterast for seg og ikkje blandast der masse må gravst opp/fjernast. Ved avslutting av anlegget skal ein da legge tilbake massane i rett rekkjefølgje slik at jorda kan dyrkast som før. Dersom det ligg att stein på dyrka mark, må desse fjernast/plukkast ved avslutting av anlegget. Dersom det ikkje blir avtalt at bonden sjølv gjer det avsluttande jordarbeidet mot ei økonomisk godtgjering, har utbygger ansvar for dyrking av arealet slik at det står fram som før anleggsarbeidet starta."